



sparebanken
sogn og fjordane



Kvartalsrapport

1. kvartal 2023 (ikkje revidert)

Innhald

3	Hovudtal konsern
4	Kvartalsrapport 03.05.2023
9	Resultatrekneskap konsern
10	Balanse konsern
11	Kontantstraumoppstilling konsern
12	Eigenkapitaloppstilling, konsern
14	Notar
30	Resultatrekneskap morbank
31	Balanse morbank
32	Resultatrekneskap konsern i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital
33	Kvartalsvis resultatutvikling konsern
34	Kvartalvis resultatutvikling konsern i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital
35	Kontaktinfo SSF

BILETE PÅ FRAMSIDA: Michaela Klouda

GRAFISK UTFORMING: Sparebanken Sogn og Fjordane • E. Natvik Prenteverk AS

Hovudtal konsern

TAL I MILL. KR.

	31.03.23	31.03.22	31.12.22
RESULTATREKNESKAP			
Netto renteinntekter	350	257	1 148
Utbytte og verdiendring på finansielle instrument	14	29	0
Andre driftsinntekter	37	34	166
Driftskostnader	127	118	499
Resultat før nedskrivning (inkl. verdipapir)	274	203	815
Resultat før nedskrivning (ekskl. verdipapir)	260	174	815
Nedskrivning på utlån og garantiar	- 4	17	36
Resultat før skatt	278	186	779
Skatt	69	39	177
Resultat etter skatt	210	147	602
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0
Totalresultat	210	147	602
BALANSE			
Eigedelar			
Brutto utlån til og krav på kundar	62 128	58 183	61 498
Nedskrivning på utlån	- 305	- 324	- 314
Verdipapirplasseringar (aksjar, rentefond, sertifikat og obligasjonar)	8 545	7 885	8 225
Gjeld og egenkapital			
Innskot frå og gjeld til kundar	36 020	33 226	34 846
Verdipapirgjeld og gjeld til kredittinstitusjonar	27 126	26 201	27 673
Eigenkapital	6 602	6 204	6 645
Forvaltningskapital	71 738	67 323	70 824
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	71 165	66 364	68 515
NØKKELTAL			
Lønsemd			
Rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,99 %	1,57 %	1,67 %
Andre driftsinntekter (ekskl. innt. fin. instrument) i % av gj. sn. forv. kap.	0,21 %	0,21 %	0,24 %
Driftskostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,71 %	0,71 %	0,73 %
Resultat før nedskrivning i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,54 %	1,22 %	1,19 %
Resultat før skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,56 %	1,12 %	1,14 %
Resultat etter skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,18 %	0,88 %	0,88 %
Totalresultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,18 %	0,88 %	0,88 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. ekskl. innt. frå fin. instrument	32,82 %	40,36 %	37,99 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. inkl. innt. frå fin. instrument	31,68 %	36,74 %	37,98 %
Nedskrivning i % av brutto utlån (resultatført)	- 0,01 %	0,03 %	0,06 %
Eigenkapitalavkastning før skatt 1)	17,69 %	12,60 %	13,21 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt 1)	13,32 %	9,95 %	10,21 %
Eigenkapitalavkastning totalresultat 1)	13,32 %	9,95 %	10,21 %
Totalresultat konsern pr. eigenkapitalbevis i kr	9,35	6,59	26,98
Utbytte pr. eigenkapitalbevis i kr			12,00
1) EK avkastninga er rekna av inng. EK ekskl. hybridkapital			
Soliditet og likviditet			
Kapitaldekningsprosent	20,35 %	19,65 %	20,15 %
Kjernekapitalprosent	18,21 %	17,84 %	18,39 %
Rein kjernekapitalprosent	17,19 %	16,79 %	17,36 %
Uvekta kjernekapitalandel (Leverage ratio)	8,53 %	8,65 %	8,65 %
LCR (Likviditetsindikator)	153 %	162 %	165 %
NSFR konsern	123 %	-	122 %
NSFR morbank	142 %	-	140 %
Balanseutvikling			
Vekst i forvaltningskapital (12 mnd.)	6,56 %	5,42 %	7,62 %
Vekst i brutto utlån til kundar (12 mnd.)	6,78 %	5,56 %	6,67 %
Vekst i innskot frå kundar (12 mnd.)	8,41 %	7,78 %	7,10 %
Innskot i % av brutto utlån konsern	57,98 %	57,11 %	56,66 %
Innskot i % av brutto utlån morbank	106,60 %	99,70 %	104,80 %
Tilsette			
Årsverk	275	269	283

Kvartalsrapport 31.03.2023

Alle tal som er kommenterte gjeld for konsernet, om ikkje anna er oppgitt. Tal i parentes er tal for same periode i 2022.

Hovudlinjer pr. 1. kvartal 2023


- Netto renteinntekter 350 mill. kr (257 mill. kr)
- Resultat finansielle instrument 14 mill. kr (29 mill. kr)
- Driftskostnader 127 mill. kr (118 mill. kr)
- Tilbakeført tap på utlån 4 mill. kr (tap på 17 mill. kr)
- Resultat før skatt 278 mill. kr (186 mill. kr)
- Resultat etter skatt 210 mill. kr (147 mill. kr)
- Eigenkapitalavkastning etter skatt 13,3 % (10,0 %)
- Kapitaldekningsprosent 20,4 % (19,7 %)

Resultat 1. kvartal


Resultatet før skatt er på 278 mill. kr, mot 186 mill. kr for same kvartal i 2022. Framgangen skuldast i hovudsak god vekst i netto renteinntekter og tilbakeføring av tapskostnader. Det er også vekst i andre driftsinntekter. Samtidig er det ein auke i driftskostnadene og lågare resultat frå finansielle instrument, samanlikna med 1. kvartal 2022.

Resultatet etter skatt for 1. kvartal er godt med 210 mill. kr, mot 147 mill. kr for same kvartal i fjor. Resultatet for 1. kvartal i år gir ei eigenkapitalavkastning på 13,3 %, mot 10,0 % for same kvartal i 2022.

Graf resultat etter skatt i mill. kr kvartalsvis:



EK-avkastning etter skatt kvartalsvis:




Netto renteinntekter 1. kvartal isolert

Netto renteinntekter er på 350 mill. kr og er 82 mill. kr, eller 36 %, betre enn for same kvartal i 2022.


Utlånsveksten dei siste 12 månadene er på 6,8 %, og innskota har auka med 8,4 %. Høgare kundemargin og vekst i innskot og utlån, har bidratt til fin utvikling i netto renteinntekter. Fundingkostnadene for verdipapirgjelda er vesentleg høgare enn for 1. kvartal 2022, på grunn av oppgang i 3 mnd. Nibor, og dette har påverka rentenettoaen negativt isolert sett. Banken har varsla ny renteoppgang for lån og innskot, etter at Norges Bank igjen sette opp styringsrenta. Den siste renteendringa har enno ikkje fått effekt. Samla effekt på netto renteinntekter vil avhenge av utviklinga i 3 mnd. Nibor.

Graf rentenetto i mill. kr kvartalsvis:



Grafen nedanfor, viser rentenettoen målt i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For 1. kvartal 2023 er rentenettoen på 1,99 %, og er 0,42 prosentpoeng høgare enn for 1. kvartal 2022. Marginen for 1. kvartal 2022 var relativt låg og vart gradvis betra gjennom 2022.

Graf rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital:




Netto andre driftsinntekter 1. kvartal

Netto andre driftsinntekter for 1. kvartal er på 51 mill. kr, mot 63 mill. kr i 1. kvartal året før. Nedgangen i resultatet skuldast eit godt resultat frå finansielle instrument i 1. kvartal 2022 med 29 mill. kr, medan det er eit resultat på 14 mill. kr for 1. kvartal 2023. Resultatnedgangen skuldast primært at det for 1. kvartal 2023 er eit resultat frå aksjar på 4 mill. kr, mot 24 mill. kr for tilsvarende kvartal året før. Det er elles eit resultat på 9 mill. kr for 1. kvartal 2023 frå verdiendring på finansielle instrument (rentepostar), mot tilnærma 0 mill. kr for 1. kvartal 2022.

Andre inntekter, ekskl. resultat frå finansielle investeringar, er på 37 mill. kr og er 3 mill. kr høgare enn for 1. kvartal 2022. Auken skuldast høgare inntekter frå betalingsformidling, forsikring og eigedomsmeikling.

Graf andre inntekter og inntekter frå finansielle investeringar i mill. kr kvartalsvis:




Driftskostnader 1. kvartal

Driftskostnadene for 1. kvartal er på 127 mill. kr og er 9 mill. kr, eller 7,9 %, høgare enn for 1. kvartal 2022.

Auken skuldast primært høgare personal-, IT-kostnader og konsulentonorar. Auken i kostnadene skuldast generell lønsvekst, fleire tilsette, prisstigning og fleire pågåande prosjekt, der det er nytta innleigde konsulentar. Fleire av prosjekta er etablert for å sikre lønsam drift også framover.


Graf driftskostnader i mill. kr kvartalsvis:



Driftskostnadene utgjør 0,71 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital og er på same nivå som for 1. kvartal året før.


Kostnadsprosenten, inkludert resultatet frå finansielle instrument, er på 31,7 mot 36,7 for 1. kvartal 2022.

Graf kostnadsprosent inkludert resultat frå finansielle instrument kvartalsvis:



Ettersom resultat frå finansielle instrument varierer ein del over tid, gir kostnadsprosenten, eksklusiv resultatet frå finansielle instrument, eit betre uttrykk for utviklinga i kostnadseffektiviteten. Kostnadsprosenten viser fin utvikling og er på 32,8 mot 40,4 for same periode i fjor.


Graf kostnadsprosent eksklusiv resultat finansielle instrument kvartalsvis:



Nedskrivningar 1. kvartal

Det er tilbakeført/inntektsført netto 4 mill. kr for tap på utlån og garantiar, mot 17 mill. kr i tapsføring for 1. kvartal 2022. Reduksjonen skuldast netto inntektsføring på 2 mill. kr relatert til individuelt vurderte engasjement og 2 mill. kr skuldast reduksjon i modellbaserte tapsavsetningar. Forventa tap til næringsengasjement er redusert medan forventa tap til personmarknaden er auka det siste kvartalet. Samla sett er endringa relativt liten.

Graf resultatført nedskrivning i mill. kr kvartalsvis:



Samla balanseførte nedskrivningar på utlån, garantiar og unyttta kredittar pr. 31.03.23 er på 330 mill. kr mot 336 mill. kr pr. 31.03.22. Av nedskrivningane pr. 31.03.23, er 305 mill. kr relaterte til utlån. Dette utgjør 0,49 % av brutto utlån, mot 324 mill. kr og 0,56 % eitt år tidlegare. For nærmare forklaring sjå note 5 og 6.


Balansen

Konsernet har ein forvaltningskapital på 71,7 mrd. kr pr. 31.03.23. Forvaltningskapitalen har auka med 4,4 mrd. kr, eller 6,6 %, dei siste 12 månadene. Auken i forvaltningskapitalen skuldast primært god vekst i utlån til kundar og auka likviditetsreserve i form av sertifikat og obligasjonar.

Utlån til kundar

Brutto utlån til kundar er på 62,1 mrd. kr. Veksten det siste året er på 3,9 mrd. kr, eller 6,8 %.

Graf brutto utlån i mill. kr totalt og fordelt på sektorar:




Dei siste 12 månadene har utlån til privatmarknaden (PM) auka med 5,8 % og utlån til bedriftsmarknaden (BM) (inkl. utlån til offentlig og finansiell sektor) med 9,9 %.

Innskot

Innskot frå kundar er på 36,0 mrd. kr. Veksten dei siste 12 månadane er på 2,8 mrd. kr, eller 8,4 %.

Graf innskot i mill. kr totalt og fordelt på sektorar:



Dei siste 12 månadene har innskot frå privatmarknaden auka med 4,0 % og innskot frå bedriftsmarknaden (inkl. offentlig og finansiell sektor) med 15,5 %.

Innskotsdekninga for konsernet er på 58,0 %, mot 57,1 % pr. 31.03.22.

Kredittrisiko

Brutto lån og garantiar mv. i betalingsmisleghald, over 90 dagar, er på 141 mill. kr, og er redusert med 4 mill. kr i forhold til tala pr. 31.03.22.

Kredittrisikoen på privatmarknaden er framleis vurdert som låg, men den er litt stigande. Høgare renter og høg generell prisvekst syner att i kundane sin likviditet. Omfanget av avdragsfritak og forlenga løpetid på lån er høgare enn normalt, men det er meir stabilt i 1. kvartal enn det var i 2022. På sikt ventar vi litt auke i betalingsproblema, men det er vår vurdering at banken sine kundar generelt har god betalingsevne.

Næringslivet i Sogn og Fjordane er robust og banken sin kredittrisiko på bedriftsmarknaden vert vurdert som moderat. Høgare renter og kraftig prisvekst vil også ha negativ innverknad på næringslivet. Førebels er aktiviteten god, men det kan på sikt bli ein reduksjon i investeringane.

Andelen utlån til bedriftsmarknaden av samla utlån utgjer 24,7 % pr. 31.03.23, mot 24,0 % eitt år tidlegare.

Behovet for ansvarleg kapital knytt til kredittrisiko er på 2.559 mill. kr og har auka med 87 mill. kr frå 31.03.22.

Likviditet og finansiering

Banken har fokus på innskotsdekning, likviditetsreserve og forfallsstruktur på funding i styringa av likviditeten. Likviditetsreserven er på 8,4 mrd. kr pr. 31.03.23. Likviditetsreserven er plassert i kortsiktige innskot i Norges Bank, i andre bankar og i fritt omsettelege obligasjonar/sertifikat. Likviditetsindikatoren (LCR) er på eit tilfredsstillande nivå med 153 %, mot 162 % eitt år tidlegare.

Banken nyttar bustadlån til å legge ut obligasjonar med førerrett (OMF) gjennom det heileigde dotterselskapet Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS.

Bustadkredittselskapet har pr. 31.03.23 OMF-innlån pålydande 21,4 mrd. kr ute i marknaden. Bustadkredittselskapet har ein samla sikringsmasse på 28,1 mrd. kr. Det er pr. 31.03.23 ei overdekning av sikringsmasse i selskapet på 6,6 mrd. kr.

Dotterselskap

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er 100 % eigd av banken. Selskapet har pr. 31.03.23 samla utlån på 28,3 mrd. kr, og utlåna har auka med 14,0 % dei siste 12 månadene. Eigenkapitalen i selskapet er på 2,2 mrd. kr. Selskapet har eit resultat før skatt på 49 mill. kr, mot 51 mill. kr for 1. kvartal 2022. Resultatnedgangen skuldast auka avsetning til forventa tap på utlån.

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS er eit 100 % eigd dotterselskap, og eig bankbygga i konsernet. Resultatet før skatt er på 1,6 mill. kr for 1. kvartal 2023 og er på same nivå som for 1. kvartal 2022.

Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS

Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS er 100 % eigd av banken. Driftsinntektene er på 6,3 mill. kr og er 1,1 mill. kr høgare enn for same periode i fjor. Resultatet før skatt er negativt med 1,2 mill. kr for 1. kvartal 2023, mot 2,2 mill. kr i negativt resultat for tilsvarende kvartal i fjor.

Soliditet og avkastning

Eigenkapitalen til konsernet pr. 31.03.23 er på 6,6 mrd. kr og har auka med 398 mill. kr, eller 6,4 %, samanlikna med tala pr. 31.03.22. Auken kjem frå resultatet, for det siste året, med frådrag av utbytte og gåver.

Konsernet har ei kapitaldekning pr. 31.03.23 på 20,35 %, mot 19,65 % pr. 31.03.22. Rein kjernekapitaldekning er på 17,19 %, mot 16,79 % pr. 31.03.22.

Inkludert resultatet pr. 31.03.23, og etter forholdsmessig frådrag av forventa utdeling av gåver og utbytte, er rein kapitaldekning estimert til 17,0 % pr. 31.03.23.

Resultatet etter skatt for 2023 er på 210 mill. kr, mot 147 mill. kr for 1. kvartal i fjor. Dette gir ei eigenkapitalavkastning på 13,3 %, mot 10,0 % for 1. kvartal 2022. Sparebanken Sogn og Fjordane har over tid hatt ein tilfredsstillande eigenkapitalavkastning. Styret er godt nøgd med resultatet og avkastninga.

Graf resultat etter skatt i mill. kr og eigenkapitalavkastning i prosent pr. år:



Rating

Sparebanken Sogn og Fjordane har pr. 31.03.23 lang-siktig rating A1 frå Moody's. OMF-programmet til Bustadkreditt Sogn og Fjordane har lang-siktig rating Aaa.

Oppsummering og utsikter framover

Resultatet etter skatt for 1. kvartal 2023 er godt med 210 mill. kr, mot 147 mill. kr for 1. kvartal i fjor. Resultatframgangen skuldast primært fin utvikling i netto renteinntekter og tilbakeføring/inntektsføring av tap på utlån. Det er også god vekst i provisjonsinntektene. Samtidig er resultatet frå finansielle instrument lågare enn for same periode i fjor og det er ein auke i driftskostnadene. Eigenkapitalavkastninga for kvartalet er på 13,3 %, mot 10,0 % for 1. kvartal 2022.

Førde, 03.05.2023

Lise Mari Haugen
styreleiar

Magny Øvrebø
nestleiar

Monica Rydland

Johnny Haugsbakk

Geir Opseth

Kristian Skibenes

Camilla C. Holvik

Ole Martin Eide

Trond Teigene
adm. direktør

Samla utlånsvekst, dei siste 12 månadene, er på 6,8 % og innskota har auka med 8,4 % og det er god vekst både frå bedrifts- og personmarknaden.

Samla driftsinntekter har auka med 25,2 % frå 1. kvartal i fjor og driftskostnadene med 7,9 %. Kostnadsprosenten for 1. kvartal 2023 er på 31,7 mot 36,7 for 1. kvartal 2022. Banken har ei kostnadseffektiv drift, men som forventa har kostnadene auka i 2023 på grunn av lønsvekst, prisstigning og høg aktivitet.

Kapitaldekninga pr. 31.03.23 er på 20,4 % og rein kjernekapitaldekning er på 17,2 %.

Banken har god kapitaldekning, ein solid marknadsposisjon i Sogn og Fjordane og også ein god vekst i privatmarknaden utanfor Sogn og Fjordane.

Utsiktene har blitt meir usikre det siste året pga. sterk renteoppgang og høg generell prisstigning. Kundane til banken har eit bra utgangspunkt for å takle auka renter og høgare prisar. Det er låg arbeidsløysje og nivået på misleghaldne lån er relativt lågt. Vi må framover vere budde på at enkelte kundar kan få utfordringar og det er tatt høgde for dette i tapsavsetningane på utlån og garantiar.

Styret er godt nøgd med banken si resultatutvikling, og meiner at konsernet har eit godt grunnlag for vidare vekst og utvikling.

Sparebanken Sogn og Fjordane kunngjorde 26.04.23 eit strategisk banksamarbeid med SpareBank 1-alliansen. Samarbeidet medfører at Sparebanken Sogn og Fjordane kjøper seg inn i SpareBank 1-alliansen gjennom SamSpar. Investeringa vil på sikt gi styrka inntektsgrunnlag gjennom betre og breiare produkt- og tenestetilbod, samt å redusere kostnadene for banken. Det framtidige samarbeidet medfører at banken har intensjon om å selje aksjepostar i produktselskap som vi eig i dag og samtidig kjøpe aksjar og andelar i produktselskap i Sparebank 1-alliansen. Styret har stor tru på at samarbeidet vil vere positivt for kundar, eigarar, tilsette og regionen Sogn og Fjordane.

Resultatrekneskap konsern

TAL I MILL. KRONER	Note	1. kvartal 2023	1. kvartal 2022	2022
Renteinntekter		814	417	2 176
Rentekostnader		464	160	1 029
Netto renteinntekter		350	257	1 148
Provisjonsinntekter		39	36	166
Provisjonskostnader		8	8	31
Netto vinst på finansielle instrument		14	29	0
Andre inntekter		6	6	31
Netto andre driftsinntekter	3	51	63	167
Sum inntekter		401	320	1 314
Lønn og andre personalkostnader		70	64	276
Andre kostnader		54	46	199
Av- og nedskrivning, verdiendring og vinst/tap på ikkje-finansielle egedelar		3	8	24
Sum driftskostnader		127	118	499
Resultat før nedskrivning på utlån og garantiar		274	203	815
Nedskrivning på utlån og garantiar	4	- 4	17	36
Resultat før skatt		278	186	779
Skattekostnad		69	39	177
Resultat for perioden		210	147	602
UTVIDA RESULTATREKNESKAP				
Resultat for perioden		210	147	602
Andre innrekna inntekter og kostnader				
Andre resultatelement som ikkje kan bli reklassifisert til resultat, etter skatt				
Estimatavvik pensjon		0	0	0
Sum andre innrekna inntekter og kostnader for perioden, etter skatt		0	0	0
Totalresultat		210	147	602
Totalresultat pr. eigenkapitalbevis (vekta) i heile kr		9,35	6,59	26,98

Balanse konsern

TAL I MILL. KRONER

EIGEDELAR	Note	31.03.23	31.03.22	31.12.22
Kontantar og kontantekvivalentar		13	19	19
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar/sentralbankar	13	621	997	714
Utlån til kundar	4-7, 13	61 823	57 859	61 184
Sertifikat og obligasjonar til verkeleg verdi		7 782	7 123	7 467
Finansielle derivat		442	315	375
Aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning		763	762	758
Investering i tilknytt selskap		3	3	3
Immaterielle eigedelar og goodwill		13	23	16
Varige driftsmidlar		85	95	88
Utsett skattefordel		20	11	20
Andre eigedelar		173	116	180
Sum eigedelar		71 738	67 323	70 824
GJELD OG EIGENKAPITAL				
Gjeld til kredittinstitusjonar	13	503	804	504
Innskot frå og gjeld til kundar	8, 13	36 020	33 226	34 846
Verdipapirgjeld	9, 13	26 623	25 397	27 169
Finansielle derivat		554	378	612
Betalbar skatt		162	40	187
Anna gjeld og avsetningar		536	671	258
Ansvarleg lånekapital		739	602	603
Sum gjeld		65 136	61 118	64 179
Eigarandelskapital	12	4 651	4 416	4 650
Grunnfondskapital		700	645	700
Annan eigenkapital		901	793	696
Hybridkapital		350	350	350
Foreslått avsett til utbytte og gåver		0	0	248
Sum eigenkapital		6 602	6 204	6 645
Sum gjeld og eigenkapital		71 738	67 323	70 824

Førde, 03.05.2023

Lise Mari Haugen
styreleiar

Magny Øvrebø
nestleiar

Monica Rydland

Johnny Haugsbakk

Geir Opseth

Kristian Skibenes

Camilla C. Holvik

Ole Martin Eide

Trond Teigene
adm. direktør

Kontantstrømoppstilling konsern

	31.03.23	31.03.22	31.12.22
Resultat før skatt	278	186	779
Auke/(reduksjon) i innskott frå kundar	1 170	690	2 309
Reduksjon/(auke) i utlån til kundar	- 606	- 627	- 4 038
Av- og nedskrivning	3	8	24
Nedskrivning på utlån og garantiar	- 4	17	36
Tap/(vinst) avgang varige driftsmidlar	- 4	0	- 9
Betalt skatt	- 86	- 170	- 172
Andre ikkje kontanttransaksjonar	32	- 61	- 120
Justering for andre postar	- 98	241	111
A) Netto likviditetsendring frå operasjonelle driftsaktivitetar	684	284	- 1 079
Reduksjon/(auke) i aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning	- 4	3	7
Reduksjon/(auke) i plassering i sertifikat og obligasjonar	- 321	- 541	- 894
Investering i varige driftsmidlar, immaterielle eigedelar og goodwill	- 1	- 12	- 28
Sal av varige driftsmidlar	4	0	17
B) Netto likviditetsendring frå investeringsaktivitetar	- 321	- 549	- 898
Auke/(reduksjon) i lån frå kredittinstitusjonar	- 1	304	4
Auke/(reduksjon) i verdipapirgjeld	- 597	239	2 147
Auke/(reduksjon) i ansvarleg lånekapital	135	0	2
Auke/(reduksjon) i eigarandelskapital	0	0	- 2 841
Auke i hybridkapital	0	0	0
Utbytte og gåveutbetalingar	- 1	- 1	- 179
C) Netto likviditetsendring i finansieringsaktivitetar	- 463	542	1 970
D) Netto endring likvidar i året (A+B+C)	- 99	277	- 6
Likviditetsbeholdning inngåande beholdning	733	739	739
Likviditetsbeholdning utgåande beholdning	634	1 016	733
Spesifikasjon av likviditetsbeholdning			
Kontantar og kontantekvivalentar	13	19	19
Innskott i andre finansinstitusjonar og sentralbankar	621	997	714
Sum	634	1 016	733

Eigenkapitaloppstilling konsern

EIGARANDELSKAPITAL

	Eigen- kapital- bevis	Ut- javn- ings- fond	Eigne eigen- kapital- bevis	Over- kurs	Grunn- fonds- kapital	Hybrid- kapital	Fond for ureali- sert vinst	Annan eigen- kapital	Avsett utbytte og gåver	Sum
Balanse 31.12.21	1 948	2 452	0	16	645	350	454	196	187	6 249
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	0	- 187	- 187
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Renter hybridkapital- investorar	0	0	0	0	0	- 4	0	0	0	- 4
Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	0	0	0	0	4	0	143	0	147
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.03.22	1 948	2 452	0	16	645	350	454	339	0	6 204
Balanse 31.12.21	1 948	2 452	0	16	645	350	454	196	187	6 249
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	0	- 187	- 187
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Renter hybridkapital- investorar	0	0	0	0	0	- 16	0	0	0	- 16
Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis	0	0	- 3	0	0	0	0	0	0	- 3
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	237	0	0	55	16	115	- 69	248	602
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.12.22	1 948	2 689	- 3	16	700	350	569	127	248	6 645
Balanse 31.12.22	1 948	2 689	- 3	16	700	350	569	127	248	6 645
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	0	- 248	- 248
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Renter hybridkapital- investorar	0	0	0	0	0	- 5	0	0	0	- 5
Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	0	0	0	0	5	0	204	0	210
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.03.23	1 948	2 689	- 2	16	700	350	569	331	0	6 602

Eigenkapitaloppstilling konsern, framhald

Forklaringa av dei ulike eigenkapitalsfonda:

Eigarandelskapital

Eigarandelskapital omfattar kapital som etter vedtektene er knytt til eigenkapitalbevis. Eigarandelskapitalen sin del av resultatet etter skatt, etter frådrag av utbytte og forholdmessig del av renter til hybridkapitalinvestorar blir tilført utjamningsfondet i forhold til eigarbrøken. Utjamningsfondet kan nyttast til å oppretthalde utbytte til eigarandelbeviseigarane, når det er forsvarleg å dele ut utifrå eigenkapitalsituasjonen.

Grunnfondskapital

Grunnfondskapital omfattar kapital som ikkje er eigarandelskapital. Grunnfondskapitalen sin del av resultatet etter skatt, etter frådrag av avsetning til gåver og forholdsmessig del av renter til hybridkapitalinvestorar, blir tilført grunnfondskapitalen.

Hybridkapital

Hybridkapital omfattar fondsobligasjon som tilfredstiller krava til å bli definert som eigenkapital og kjernekapital, i forhold til kapitaldekningsreglane. Renter for hybridkapitalen blir fordelt på utjamningsfondet og grunnfondskapitalen etter eigarbrøken og i praksis disponert saman med resultatet.

Fond for urealisert vinst

Fond for urealisert vinst elles betår av urealisert vinst frå finansielle instrument, der det er ulik verdivurdering mellom IFRS og norske rekneskapsreglar. Mellom anna er urealisert vinst frå aksjar inkludert her.

Annan eigenkapital

Annan eigenkapital består av opptent overskot frå ulike dotterselskap og udisponert resultat.

Utbytte og gåver

Forslag til utbytte og gåver står som ein del av eigenkapitalen inntil dei er vedtekne av Generalforsamlinga.

Notar til rekneskapen

Note 1 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

GRUNNLAG FOR PRESENTASJON

Morbank- og konsernrekneskapen for Sparebanken Sogn og Fjordane er utarbeidd i samsvar med internasjonale rekneskapsstandardar (IFRS). Delårsrekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34 «Delårsrapportering». Alle tal er oppgitt i mill. kr, dersom ikkje anna er oppgitt.

GENERELT

For meir informasjon om rekneskapsprinsipp og informasjon om rekneskapsestimat viser vi til årsrapporten for 2022, for Sparebanken Sogn og Fjordane på banken sine nettsider: www.ssf.no.

ENDRINGAR I REKNESKAPSSTANDARDAR

Det er ikkje endringar i rekneskapsstandardar eller tolkingar i 1. kvartal 2023, som har fått effekt for rekneskapen til Sparebanken Sogn og Fjordane.

Note 2 Segmentrapportering

Geografiske segment

Alle segment opererer i Norge.

Allmenn informasjon om segment

Segmenta er gruppert slik som føretaket er organisert.

Finans

- Har ansvar for finansiering og likviditetsstyring

Bedriftsmarknad/offentleg/finans

- Tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester, som ulike typar finansiering, innskot, plasseringar, forsikring, valuta og renteprodukt til små og mellomstore bedrifter, offentleg sektor og finansiell sektor

Privatmarknad inkl. Bustadkreditt

- Tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester, som ulike typar finansiering, innskot, plasseringar, forsikring, valuta og renteprodukt til privatkundar

Andre

- Består av leveransar av tenester til m.a. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og forvaltning av enkelte eigedomar

Eigedomsmekling

- Tilbyr meklingstenester ved kjøp og sal av eigedomar

Bankeigedom

- Forvaltar dei største eigedomane til konsernet

Note 2 Segmentrapportering, framhald

	Sum	Finans	Bedrifts- marknad/ Off./Fin.	Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt	Andre	Eige- doms- mekling	Bank- eige- dom	Elimi- nerte postar
RESULTAT 31.03.23								
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	350	0	146	203	0	0	0	0
Netto andre driftsinntekter	51	12	14	22	1	6	2	- 5
Sum driftsinntekter	401	12	160	225	1	6	2	- 5
Driftskostnader	127	4	40	80	0	8	0	- 5
Resultat før nedskrivning på utlån	274	8	120	145	1	- 1	2	0
Netto vinst på varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivning på utlån og garantiar	- 4	0	- 24	20	0	0	0	0
Resultat før skatt	278	8	145	125	1	- 1	2	0
BALANSE 31.03.23								
Netto utlån til og krav på kundar	61 823	0	14 833	46 990	0	0	0	0
Andre egedelar	9 915	10 592	2 732	4 396	0	20	43	- 7 868
Sum egedelar	71 738	10 592	17 565	51 386	0	20	43	- 7 868
Innskot frå og gjeld til kundar	36 020	0	14 786	21 259	0	0	0	- 24
Anna gjeld	29 116	7 927	165	26 637	0	7	8	- 5 627
Eigenkapital (inkl. resultat for perioden)	6 602	2 666	2 614	3 490	0	13	36	- 2 216
Sum gjeld og eigenkapital	71 738	10 592	17 565	51 386	0	20	43	- 7 868

	Sum	Finans	Bedrifts- marknad/ Off./Fin.	Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt	Andre	Eige- doms- mekling	Bank- eige- dom	Elimi- nerte postar
RESULTAT 31.03.22								
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	257	1	103	154	0	0	0	0
Netto andre driftsinntekter	63	24	15	21	1	5	2	- 5
Sum driftsinntekter	320	25	117	174	1	5	2	- 4
Driftskostnader	118	4	36	72	3	7	0	- 4
Resultat før nedskrivning på utlån	203	21	82	102	- 2	- 2	1	0
Netto vinst på varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivning på utlån og garantiar	17	0	16	1	0	0	0	0
Resultat før skatt	186	21	66	102	- 2	- 2	1	0
BALANSE 31.03.22								
Netto utlån til og krav på kundar	57 859	0	13 447	44 412	0	0	0	0
Andre egedelar	9 464	12 097	1 741	2 636	0	21	42	- 7 072
Sum egedelar	67 323	12 097	15 188	47 048	0	21	42	- 7 072
Innskot frå og gjeld til kundar	33 226	0	12 799	20 447	0	0	0	- 19
Anna gjeld	27 892	9 509	133	23 482	0	7	6	- 5 244
Eigenkapital (inkl. resultat for perioden)	6 204	2 588	2 256	3 120	0	14	35	- 1 809
Sum gjeld og eigenkapital	67 323	12 097	15 188	47 048	0	21	42	- 7 072

Note 2 Segmentrapportering, framhald

	Sum konsern	Finans	Bedrifts- marknad/ Off./Fin.	Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt	Andre	Eige- doms- mekling	Bank- eige- dom	Elimi- nerte postar
RESULTAT 31.12.22								
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	1 148	8	477	662	- 1	0	0	0
Netto andre driftsinntekter	167	- 15	58	100	4	30	8	- 19
Sum driftsinntekter	1 314	- 6	535	762	4	30	8	- 19
Driftskostnader	499	16	152	308	11	33	- 6	- 15
Resultat før nedskrivning på utlån	815	- 23	383	455	- 8	- 3	15	- 3
Netto vinst på varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivning på utlån og garantiar	36	0	19	17	0	0	0	0
Resultat før skatt	779	- 23	364	438	- 8	- 3	15	- 3
BALANSE 31.12.22								
Netto utlån til og krav på kundar	61 184	0	14 703	46 486	0	0	0	0
Andre egedelar	9 640	10 388	2 106	4 203	0	20	54	- 7 132
Sum egedelar	70 824	10 388	16 809	50 689	0	21	54	- 7 132
Innskot frå og gjeld til kundar	34 846	0	14 110	20 760	0	0	0	- 23
Anna gjeld	29 332	7 829	219	26 167	0	10	8	- 4 897
Eigenkapital (inkl. resultat for perioden)	6 645	2 559	2 480	3 763	0	11	45	- 2 212
Sum gjeld og eigenkapital	70 824	10 388	16 809	50 689	0	21	54	- 7 132

Note 3 Andre driftsinntekter

NETTO PROVISJONSINNTEKTER	31.03.23	31.03.22	31.12.22
Betalingsformidling	19	16	78
Verdipapiromsetnad	7	7	27
Garantiprovisjon	4	3	13
Valutaforretningar og utanlandsbetaling	1	1	5
Forsikringstenester	5	4	24
Andre provisjonsinntekter	5	5	18
Sum gebyr og provisjonsinntekter	39	36	166
Interbankprovisjon	0	0	1
Betalingsformidling	7	6	25
Cash back Visa kreditt	1	2	5
Sum provisjonskostnader	8	8	31
Netto provisjonsinntekter	31	29	135
NETTO VINST/TAP PÅ FINANSIELLE INSTRUMENT			
Netto vinst på valuta	1	5	14
Netto vinst på finansielle derivat	52	- 122	- 174
Netto vinst på utlån til verkeleg verdi	16	- 95	- 162
Netto vinst på innskot til verkeleg verdi	- 4	- 1	- 2
Netto vinst på sertifikat og obligasjonar	- 5	- 20	- 48
Netto vinst på aksjar	4	24	55
Netto vinst på finansiell gjeld	- 51	237	317
Netto vinst på finansielle instrument til verkeleg verdi	14	29	0
ANDRE INNTEKTER			
Eigedomsinntekter	0	0	1
Eigedomsmekling	6	5	29
Andre driftsinntekter	0	0	1
Sum andre inntekter	6	6	31
SUM NETTO ANDRE DRIFTSINNTEKTER	51	63	167

Note 4 Resultatførte tap på utlån, garantiar og unytta trekkrettar

	1. kv. 2023	1. kv. 2022	2022
	isolert	isolert	
Auke (+)/reduksjon (-) i individuell nedskriving	- 1	15	- 83
Auke (+)/reduksjon (-) i modellbasert forventa tap	- 2	3	104
Konstaterte tap i perioden dekt av tidlegare nedskriving	0	0	18
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare individuelle nedskrivingar	0	0	4
Inngang på tidlegare års konstaterte tap	- 1	- 1	- 7
Resultat av nedskriving for perioden	- 4	17	36

Note 5 Nedskrivning på utlån og eksponeringar

Ved berekning av forventa tap blir låna delt inn i tre trinn i samsvar med krava i IFRS 9. Når eit lån blir innrekna vil det som hovudregel inngå i trinn 1. Dersom engasjementet har hatt ein vesentleg auke i kredittrisikoen sidan det vart innrekna første gongen, blir det overført til trinn 2. Misleghaldne engasjement blir allokert til trinn 3. Der det er gjort ei individuell nedskrivning, vil dette overstyre dei modellberekna tapa på engasjementet. Individuell nedskrivning inngår i nedskrivningar i trinn 3.

Det er gjort endringar i tapsavsetningane med bakgrunn i validering av tapsmodellen. Det er mellom anna gjort større endringar på berekning av sikkerheitsdekning og friskmeldingsrate i banken sin LGD-modell. Det er også gjort endring i regelsettet for overføring av lån til trinn 2, der absolutt grense for endring i PD er redusert frå 0,75 til 0,50 prosentpoeng. Eit lån blir no flytta til trinn 2 dersom lånet har hatt ei auke i PD på minimum 100 % frå lånet blei etablert og auken i PD er over 0,50 prosentpoeng. Modellendringane og endring på scenario-parameterane i første kvartal gav isolert sett ein reduksjon i nedskrivningane på om lag 8 mill. kroner.

Konsern

2023

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 01.01.23	58	136	112	306
Overføringar til trinn 1	2	- 8	- 1	- 6
Overføringar til trinn 2	- 3	14	- 4	7
Overføringar til trinn 3	0	- 2	4	2
Nye finansielle eigedelar utsteda eller kjøpt	5	3	0	8
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 3	- 4	- 2	- 9
Endring i modell- og makroparametere	2	- 19	8	- 8
Konstaterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0
Andre endringar	8	- 14	4	- 2
Nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 31.03.23	71	105	122	298
Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 31.03.23	2	3	2	7
Samla nedskrivning på utlån pr. 31.03.23	73	108	124	305
<i>Herav til personmarknad</i>	<i>19</i>	<i>24</i>	<i>26</i>	<i>70</i>
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	<i>54</i>	<i>84</i>	<i>98</i>	<i>235</i>

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.23	12	8	1	20
Endring i perioden	2	2	1	5
Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 31.03.23	13	10	2	25
<i>Herav til personmarknad</i>	<i>1</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>1</i>
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	<i>13</i>	<i>10</i>	<i>2</i>	<i>24</i>

Note 5 Nedskrivning på utlån og eksponeringar, framhald

2022	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 01.01.22	35	69	196	300
Overføringar til trinn 1	2	- 5	- 3	- 6
Overføringar til trinn 2	- 1	12	0	11
Overføringar til trinn 3	0	- 3	12	9
Nye finansielle eigedelar utsteda eller kjøpt	3	6	0	9
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 1	- 3	- 1	- 6
Endring i modell- og makroparametere	- 1	- 4	0	- 6
Konstaterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0
Andre endringar	- 2	5	4	6
Nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 31.03.22	34	77	206	317
Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 31.03.22	1	2	5	7
Nedskrivning på utlån pr. 31.03.22	35	78	211	324
<i>Herav til personmarknad</i>	8	9	20	37
<i>Herav til næring og offentlig forvaltning</i>	27	70	191	287

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på unyttta kredittar og garantiar pr. 01.01.22	4	9	3	15
Endring i perioden	0	- 2	- 1	- 2
Nedskrivning på unyttta kredittar og garantiar pr. 31.03.22	4	7	2	13
<i>Herav til personmarknad</i>	1	0	0	1
<i>Herav til næring og offentlig forvaltning</i>	3	7	2	12

Framtidig scenario i modell for nedskrivning etter IFRS9

